



Boligsenteret Bergen AS  
Ervikveien 70B  
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/900 - 14/2472

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
20.12.2013

## Godkjenning - masseutskifting deler av delfelt B8 i Holsbergstien, Holmemarka, gnr 10 bnr 40.

**Administrativt vedtak. Saknr: 17/2014**

### Saksutgreiing:

#### Omsøkt tiltak:

Vi syner til søknad motteke 20.12.2013. Boligsenteret Bergen AS har søkt om løyve til masseutskifting innanfor reguleringsplanområdet Holmemarka aust, plan id 20031029. I søknaden skriv tiltakshavar at dei ved utbygging av tomt B4 og B7 i planområdet vil få overskotsmassar av stein som dei no ønskjer å nytte til masseutskifting av tomt B8. Tomt B8 består av myr. Tiltaket inneber at ein unngår å transportere massane ut av feltet, og deretter tilbake igjen når Tomt B8 skal planerast. I søknaden er det vidare opplyst at tiltakshavar vil sende ut nye nabovarsel ved søknad om plassering og bygging av bustadene.

#### Planstatus:

Gbnr 10/40, felt B8, er i *Reguleringsplan for Holmemarka aust* (arealplanid 125620031029) avsett til bustadføremål. Planen vart vedteken av kommunestyret 29.10.03, sak 081/03.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 25.11.13. Det er ikkje kome merknader til varslinga. Administrasjonen finn at nabovarslinga er i samsvar med plan- og bygningsloven § 21-3.

### Vurdering:

Administrasjonen vurderer at masseutskifting som omsøkt er i samsvar med vedteken plan og ikkje krev dispensasjon frå reguleringsføresegnene. Gjennomføring av masseutskifting som omsøkt vert vurdert som eit hensiktsmessig tiltak for å unngå unødige transport av massar i planområdet. Administrasjonen gjer derfor løyve til tiltaket som omsøkt, i samsvar med situasjonskart og terrengprofilar stempla motteke 20.12.13, som gjer eit tilstrekkeleg grunnlag for å handsame søknaden.

Ansvarsrettar vert godkjent i samsvar med vedtak nedanfor.

### **Vedtak**

Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningsloven § 20-1 løyve til masseutskifting av tomt B8 ved bruk av overskotsmassar frå tomt B4 og B7. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med vedlagt situasjonskart og profildeikningar stempla motteke 20.12.2013.

Boligsenteret Bergen AS, organisasjons nr 990 693 846, vert i samsvar med sentral godkjenning gjeve ansvarsrett for heile tiltaket (SØK, PRO og UTF).

Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter det vart gjeve, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven, så langt ikkje anna er bestemt ovanfor.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningsloven, og administrativt fatta i medhald av delegert mynde.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Boligsenteret Bergen AS

Ervikveien 70B

5106

ØVRE ERVIK